

Deltaking i barnevernet – ein analyse av ungdomar sine forteljingar i lys av posisjoneringsteori (overskriftnivå 1)

Samandrag (overskriftnivå 2)

I artikkelen utforskar vi vi korleis unge gjev mening til erfaringane sine knytt til deltaking i barnevernet. Det empiriske materialet er basert på intervju med 13 ungdomar om å delta i barnevernet. Ved å nytte narrativ analyse og posisjoneringsteori, har vi analysert korleis dei unge posisjonerer seg sjølv og barnevernet i forteljingane, og korleis dei fortel om relasjonen til barnevernarbeidaren. Forteljingane til dei unge viser stor variasjon. Alt frå forteljingar om samarbeid i ein trygg relasjon, der den unge fortel seg sjølv fram som aktiv og deltakande, til forteljingar om avmakt, der relasjon og deltaking er fråverande. Posisjoneringsperspektivet kan bidra til auka forståing for dei unge sine posisjoneringar i samarbeid med barnevernet, og vere eit nyttig analyseverktøy for praksisfeltet i arbeidet med å legge til rette for barn og unge si deltaking.

Nøkkelord: Barns deltaking, barnevern, posisjoneringsteori, narrativ analyse

Abstract

In this article we explore how young people make meaning to their experiences from participation in Child Welfare Services (CWS). The empirical material is based on 13 interviews with young people about participation in CWS. Narrative analyses and positioning theory form the basis of our analysis of how the young people position the CWS and themselves in their narratives, and how they perceive the relation to the social worker. The told experiences are variating on a continuum, from participation in partnership with the social worker to senses of powerlessness with no relation nor participation. The perspective of positioning may contribute to increased understanding of young people's positioning in cooperation with CWS and serve as analytic tool when facilitating participation for children and young people in CWS.

Dette er en akseptert, fagfellevurdert postprint-versjon av følgende publiserte tidsskriftartikkel: Tunestveit, Merete; Mæhle, Magne Olav; Ulvik, Oddbjørg Skjær (2021). Deltaking i barnevernet - ein analyse av ungdomar sine forteljingar i lys av posisjoneringsteori. Tidsskriftet Norges Barnevern, Volume 98 | Issue 1, side 4-19.

DOI: <https://doi.org/10.18261/ISSN1891-1838-2021-01-02>

Key words: Children's participation, CWS, position theory, narrative analysis.

Innleiing

For barnevernet er barn si deltaking eit sentralt mål, som er nedfelt både i FN sin barnekonvensjon og i den norske barnevernlova (Lov om barneverntenester, 1992; UNCRC, 1989). Vi forstår deltaking i barnevernet som samarbeid mellom barnevernarbeidar og barn der målet er å hjelpe barnet til å utvikle sitt eige syn på situasjonen, til å danne seg ei meining og uttrykkje denne (Bruner, 1990; Gulbrandsen, Seim & Østensjø, 2014). Dette inneber at barnet sitt syn vert vektlagt og teke omsyn til i barnevernet sin praksisutøving (Seim & Slettebø, 2017). Samanhengen mellom deltaking og relasjon vert lagt til grunn (Timor-Shlevin & Krumer-Nevo, 2016), og vi ser deltaking som ein kontinuerleg relasjonell prosess der menneske er gjensidig avhengige av kvarandre i intersubjektive møte (Hultgren & Johanson, 2018). Dette synet framhevar betydninga av *kvaliteten* på relasjonen mellom barn og profesjonsutøvarar (Ulvik, 2015).

Barn som har opplevd deltaking i sin kontakt med barnevernet ser ut til å klare seg betre enn dei som ikkje har slike erfaringar (Houghton, 2015). Norsk og internasjonal forskning viser likevel at barn si deltaking i barnevernet er krevjande å gjennomføre i praksis, og at det er behov for meir kunnskap om kva som skal til for å realisere deltaking (Archard & Skivenes, 2009; Christiansen, 2012; Mc Mellon & Tisdall, 2020; NOU 2017:12; Paulsen, 2016; Pölkki, Vornanen, Pursiainen & Riikonen, 2012; Skivenes, 2015; van Bijleveld, Dedding & Bunders-Aelen, 2015; Van Bijleveld, De Vetten, & Dedding, 2020; Vis & Thomas, 2009). Barn si deltaking i avgjerdsprosessar i barnevernet, er avhengig av planlegging, at barnet blir førebudd, av barnevernarbeidaren sin kommunikasjonskompetanse, og av at barnevernsarbeidaren i handling og haldning er positive til barnet si deltaking (Kennan, Brady & Forkan, 2018).

Fleire studiar viser at deltaking i barnevernet kan opplevast både vanskeleg og mangelfull for mange barn og unge (Dillon, Greenop & Hills, 2015; Heimer, Näsman & Palme, 2018; Jensen, Strandbu, Thørnblad & Holtan, 2014; Pölkki, et al., 2012). Kvaliteten på relasjonen til barnevernarbeidaren vert framheva i fleire av studiane. Kontinuitet, tryggleik og positivitet mellom barnet og den vaksne vert framheva som føresetnader for å utvikle relasjonskvalitet (Gulbrandsen, Seim & Ulvik, 2012; Horgan, Forde, Martin & Parkes, 2016; Jobe & Gorin, 2013; Kennan, et al., 2018; Mannion, 2007; Timor-Shlevin & Krumer-Nevo, 2016). Ein norsk studie konkluderer med at dei unge berre unntaksvis erfarte å ha ein god relasjon til barnvernarbeidaren, og at dei få som fortalde om det, hadde hatt same barnevernarbeidaren over tid (Paulsen, 2016). Seim og Slettebø (2017) peikar på at organiseringa av barneverntenestene medfører at barn kan måtte byte kontaktperson fleire gonger, og at dette i seg sjølv er ein barriere for barn si deltaking. Arbeidstilhøve prega av store saksmengder, auka krav til dokumentasjon, og mangel på tilsette, skapar utfordringar i arbeidet med å legge til rette for deltaking (Van Bijleveld et al., 2015). Forfattarane omtalar slike praksisar som prosedyrestyrte og lite barnevenlege: *Social workers talked about a lack of «quality time» to spend with the young people and said other demands of their work had squeezed out relationships*” (s. 136). Pölkki et al., (2012) fann at barnevernarbeidarar i tillegg til å ynskje meir tid til samarbeid med barn, opplever at dei manglar kompetanse i å snakke med barn, og i å utøve godt skjønn. Dette tyder på ein motsetnad mellom kva praktikarar tykkjer er rett, kva dei opplever seg kompetente til, og kva dei gjer i praksis. I tillegg kan synet på barn sine evner og føresetnader ha innverknad på denne praksisen. Hudson (2012) fann til dømes at barnevernarbeidarane var opptatt av si eiga rolle som tilretteleggjarar for deltaking, men hadde mindre fokus på barnet som eit autonomt og deltakande individ med evne og kapasitet til å vere med på å ta avgjerder kring sin eigen situasjon.

Det empiriske grunnlaget for artikkelen er intervju med 13 ungdomar som fortel om korleis dei har erfart kontakten med barnevernet. I analysane ser vi dei unge som meningssskapande subjekt, og undersøker korleis dei gjev meining til erfaringane sine i måten dei fortel fram seg sjølv, barnevernet, og relasjonen mellom seg og barnevernarbeidaren (Bruner, 1990; Rogoff, 2003). Studien er ein del av aksjonsforskningsprosjektet «Forskingssirkel om barn si deltaking i barnevernet», eit samarbeid mellom tre interkommunale barneverntenester og Høgskulen på Vestlandet. I analysen har vi nytta narrativ teori og posisjoneringsteori, og problemstillinga for artikkelen er: *Korleis posisjonerer dei unge seg sjølv, og barnevernet, i forteljningane om kontakten dei har hatt barnevernet?*

Posisjoneringsteori og narrativ analyse - teoretiske tilnærmingar

Reiskapar vi har brukt i analysen er henta frå to nært slekta teoretiske tilnærmingar; narrativ teori og posisjoneringsteori. "*Position theory... is concerned with revealing the explicit and implicit patterns of reasoning that are realized in the ways that people act towards others*" (Harré, Moghaddam, Cairnie, Rothbart & Sabat, 2009 s. 5). Posisjoneringsperspektivet kan plasserast innan diskursteori, og nyttast til å analysere mellommenneskeleg interaksjon i lys av den *diskursive praksisen* som samhandlinga føregår i (Davies & Harré, 1990).

Posisjonering skjer refleksivt og interaktivt (Harré et al., 2009). Det vil seie at når ein posisjonerer seg sjølv i interaksjon med andre, posisjonerer ein den andre òg. Kvar enkelt deltakar i ein samhandlingssituasjon vil kunne ha ulike oppfatningar av posisjonane (Davies & Harré, 1999; Jevne, 2017). Tilgjengelege posisjonar vil, i lys av kontekstuelle rettar og plikter, vere avhengig av kva ein opplever som er sosialt mogeleg eller akseptabelt i samhandlinga (Harré et al., 2009).

Posisjoneringsteori vert assosiert med rolleteori, men i fylgje Davies & Harré (1990) er ikkje rolleomgrepet tilstrekkeleg relatert til kontekst, og forståinga av subjektet vert slik for statisk.

Til forskjell frå omgrepet rolle er omgrepet posisjon dynamisk, kan fange fleksibilitet, og kan endrast og reviderast alt etter kva som er tilgjengeleg posisjon i den diskursive konteksten.

Posisjonar vert gjerne definert ut i frå polariserte dimensjonar som sterk/svak, avmektig/myndiggjort, ekspert/amatør. Å kunne posisjonere seg som sterk, vil vere avhengig av at ein annan posisjonerer seg sjølv eller vert posisjonert, som svak (Harré & Langenhove, 1999).

I denne studien handlar det konkret om å undersøke korleis dei unge gir meining til erfaringane sine, og korleis dei posisjonerer seg sjølve og barnevernet (Bruner, 1990; Langenhove & Harré, 1999). For barn og unge i kontakt med barnevernet, vil måten barnet posisjonerer seg på vere avhengig både av kva for posisjonar barnet opplever som tilgjengelege i situasjonen, og om han eller ho ynskjer eller klarar å ta den posisjonen som vert tilbydd. I ein samtale kan det føregå fleire former for posisjonering samstundes, og posisjonane kan definerast og stadig reforhandlast i interaksjonen (Harré & Langenhove, 1999).

I følgje Harré, et al. (2009) kan ein skilje mellom tre nivå av posisjonering. Å akseptere ein tildelt posisjon vert omtala som første ordens posisjon. Andre ordens posisjon inneber at ein part vel ein heilt annan posisjon enn tilbydd eller forventet. Foucault (1980) omtalar dette som motmakt. Tredje ordens posisjonering handlar om posisjonen ein kan gå inn i etter refleksjon over interaksjonen saman med andre (Harré & Langenhove, 1999). I ein slik tredje ordens posisjonering vil det føregå nye første ordens og andre ordens posisjoneringar mellom dei som deltar.

Posisjoneringar mellom ungdom og barnevernarbeidar skjer innanfor rammene av institusjonelt definerte maktrelasjonar. Ulikskapen i maktrelasjonen blir ein del av den diskursive praksisen, og definerer kva posisjonar som er tilgjengeleg for begge partar. Vår

interesse i denne studien er korleis dei unge forhandlar fram kven dei er i høve til barnevernet, og kven barnevernet er i livet deira, slik dei fortel dette fram i intervjuet. Det er *dei unge sine fortellingar* om eige liv og erfaringar vi har studert. Vi har ikkje hatt tilgang til sjølve interaksjonen, til kva som faktisk skjedde i møtet mellom den unge og barnevernet. Vi har heller ikkje tilgang til andre sine forteljingar om den same interaksjonen. Det er altså posisjonering i forteljingar vi har analytisk fokus på.

Sidan studien er basert på dei unge sine forteljingar og meningsskaping, blir narrativ analyse eit relevant analytisk reiskap. Eit narrativt perspektiv inneber at måten vi snakkar på er med på å forme røynda, og at språk og eksistens slik er uløysleg knytt til kvarandre (Bruner, 2003). Narrativ eller forteljingar er, likesom posisjonar, kontekstsensitive omgrep (Jansen, 2013). På same måte som at posisjonering avheng av kva som er sosialt mogeleg eller akseptabelt, vil også eit narrativ spegle kva som er kulturelt og sosialt tilgjengeleg.

“Narratives unfold as a part of the interpersonal process of telling a story” (Fogel, 1995, s. 120). Innvove i den individuelle forteljinga ligg kulturelle kodar og allmenne sanningar om korleis ting heng saman (Fivush & Haden, 2003). Det vil seie at forteljaren er den som konstruerer historia, samstundes er den påverka av ulike kontekstar, tidlegare samtalar og forteljingar, forståingar i samtida, kva situasjon det vert fortalt i, og av kven ein fortel til (Bakhtin, 1984, 1986; Gubrium & Holstein, 2009). Slik vil forteljingane til ungdomane, vere påverka både av det som har skjedd etterpå, av situasjonen dei vert fortalt i, og av intervjuaren (Mæhle, 2005). Narrativa sin natur er at vi tenkjer tilbake, medan forteljinga og meningsskapinga skjer her og no. Ein kan seie at det er forteljing om fortid i notid, og at det gir oss tilgang til korleis ungdommane forstår eigne erfaringar og opplevingar; kven dei er no, og kven dei var på det tidspunktet dei fortel om, korleis dei ser på det dei fortel om no, og korleis dei såg på det den gongen det hende. Ungdomane kan fortelje historiar dei har fortalt før, men dei kan òg fortelje nye eller endra historier (Frank, 2012). I narrativ analyse er ein

ikkje opptatt av kva som er objektivt sant, men *korleis* den unge fortel seg sjølv og andre fram.

Forteljningane gir innsyn i kva for posisjonar - spesielt subjektposisjonar – dei unge har funne tilgjengelege, og korleis dei, slik, konstruerer kven dei er (Davies & Harré, 1990). Omgrepet agency eller omsett, agentskap (Tingstad, 2019), som vi nyttar i analysen viser til at barn har evne og kapasitet til å handle på bakgrunn av eigne vurderingar og val. Samstundes er barn styrt av strukturar og institusjonar i samfunnet, og av vaksne si makt. Som Oswell (2020) peikar på, vil det alltid vere eit dialektisk forholdet mellom agentskap og struktur. I studien nyttar vi *avmektig* som kontrasterande omgrep til agentisk. Avmakt forstås vi som mangel på opplevd kontroll og handlingsrom knytt til eigen situasjon.

Metode

Rekruttering og empirisk materiale (overskriftnivå 3)

Intervjua med ungdomane vart gjennomført i tilknytning til prosjektet «Forskingssirkel om barn si deltaking i barnevernet» (Tunestveit, 2020). I forskingssirkelen deltok tre barneverntenester, og vi spurte desse barneverntenestene om å formidle kontakt med ungdomar til intervju. Informantane vart kontakta av si lokale barnevernteneste, fekk informasjon og underteikna samtykkeskjema til å delta i studien, før namna vart gitt til forskingsprosjektet. Vi fekk namnet på ti ungdomar vi kunne avtale intervju med. Seks av dei ville delta på intervju. I tillegg til desse seks fekk vi kontakt med sju andre ungdomar ved å vende oss til andre barneverntenester som rekrutterte ungdomane etter same prosedyre. Til saman 13 unge i alderen 16-22 vart intervjua av førsteforfattaren. Dei informantane som ønska det, fekk tilsendt intervjuguiden. Semistrukturert intervju med opne spørsmål vart nytta som metodisk tilnærming. Spørsmåla kan forståast som «scaffoldingsreiskap» (Wood, Bruner & Ross, 1976; Bruner, 1990), ved at dei bidrog til å stimulere og støtte ungdomane til å

fortelje om egne erfaringar. Mange unge kan mangle erfaring frå å fortelje fram seg sjølv i eit samanhengande narrativ, og kan difor trenge slik bistand (Jansen, 2013).

Informantane hadde ulik alder og var på ulike stadier i barnevernsaka si. Alle forutan éin hadde hatt langvarig kontakt med barnevernet, og det er slik eit langt tidsspenn i forteljingane. På intervjutidspunktet hadde alle framleis tiltak. Tolv intervju er gjort i perioden juni 2016 - juni 2017, eitt i juli 2018. Intervjua varte frå ein halv time til to timar. Dei føregjekk heime hjå informantane, på barnevernkontoret, eller i lokala til Høgskulen, alt etter kva den unge ynskte. Lydopptak frå intervju er transkriberte av førsteforfattaren.

Etikk

Forskningsprosjektet er godkjent av Norsk Senter for forskningsdata (NSD). Alle forhold ved informantane som kan kjennast att er anonymisert i artikkelen. Vi oppfatta at informantane tok oppdraget på alvor og opplevde det som viktig, og at dei la vekt på å få fram historia og erfaringane sine. Nokre bad om å få tilsendt artikkelen når den var ferdig.

Analysearbeidet

I lesinga av materialet har vi gjort både tverrgåande og langsgåande analyser. Vi har sett på likskapar og variasjonar mellom intervjua, og innanfor kvart intervju. Nokre gjennomgåande tema vart valde som utgangspunkt for det vidare analysearbeidet: Samarbeidet mellom barn og barnevern, relasjonen til barnevernarbeidaren, makt og maktutøving, tilgang på informasjon og barnevernet som aktivt eller passivt. Vidare analyserte vi organiseringa i forteljingane, korleis dei ulike delane vart sett saman til ein samanhengande struktur. Dette gir innblikk i den forteljande sitt tanke sett og forståing av samanhengar og årsaker (Polkinghorne, 1995). Vi har analysert fram og identifisert kva posisjonar dei unge tar i forteljingane og kva posisjon dei gir barnevernet. Posisjonane dei unge inntek i forteljingane sine ligg på eit

kontinuum frå agentisk til avmektig. Ein *agentisk posisjon* vil, i denne samanhengen, innebere at ungdomen fortel fram seg sjølv som handlande aktør i møte med barneverntenesta. Ein *avmektig posisjon*, inneber at den unge fortel fram seg sjølv som ein som ikkje kan påverke eller handle kring eigen situasjon, og såleis er prispålagt det barnevernet har bestemt.

I lys av den kontekstuelle forståinga som posisjoneringsspektivet tilbyr, og «den relasjonelle vendinga» i forskning om deltaking (Horgan et al., 2016), har vi òg studert dei unge si forståing av seg sjølve og korleis dei oppfattar relasjonen til barnevernarbeidaren. Det var ikkje eksplisitte spørsmål om relasjon i intervjuguiden. Det relasjonelle som er analysert fram i forteljingane er, i tråd med kvalitativ forskingstradisjon, basert på forskarane sine analytiske blikk i lesing av materialet. Barnevernet sine medarbeidarar har ikkje uttala seg her, og ville sjølv sagt hatt andre forteljingar om kontakta med dei unge. Analysen er basert på heile materialet, 13 forteljingar. I presentasjonen av resultat har vi valt ut fem forteljingar. Desse viser tydelegast viktige analytiske poeng, og dekkjer variasjonsbreidda i forteljingane til dei unge.

Analytiske spørsmål vi har stilt til dei unge sine forteljingar er:

- Korleis posisjonerer ungdomane seg i høve til barnevernet i forteljinga si?
- Korleis posisjonerer ungdomane barnevernet i forteljinga?
- Korleis fortel ungdomane om relasjonen til barnevernarbeidarane?

Resultat– fem forteljingar om kontakt med barnevernet

Nina - barnevernet posisjonert som trygg men tidsavgrensa foreldreinstans

Nina er 22 år og har hatt kontakt med barnevernet sidan ho var 13. Ho fortel at ho har hatt psykiske vanskar. I forteljinga legg ho vekt på og samanliknar relasjonen til dei tre barnevernarbeidarane ho har hatt. Ho seier ho skulle ynskje at barnevernet, slik ho har erfart med psykiatrien, var oppteken av om barnevernarbeidar og barn passar saman. Når eg spør Nina om barnevernet har spurt korleis ho ynskjer at kontakta skal vere seier ho:

Nei, eg har egentleg berre gjort det folk har sagt eg skal gjere, og så har det berre blitt slik. Andre kan bestemme og så følgjer eg berre etter. Altså eg har på ein måte stolt på dei då. Eg følte at dei var trygge personar og at dei på ein måte skjønnte meg. Men altså han første eg hadde, han var grei nok, men han var liksom ikkje favorittpersonen min. Men ho som eg fekk etterpå ho var sånn at viss eg hadde det vanskeleg, så sa ho; «skal vi kanskje ta oss ein tur til legen då». Ho hjalp meg alltid, eg vart innlagt utan at eg trengte å be om det. Ho såg det sjølv. Ho hadde jo kjend meg sidan eg var 13 år [før ho overtok saka var ho kontaktperson II]. Men ho som eg har no, ho er grei men vi er liksom ikkje på same bølgjelengd. Ho seier berre «ja, ja», og det er det. Eg får liksom ikkje sagt det slik som det er. Ja, så eg saknar ho andre litt då. ...

No er eg snart 22, sant, og eg er på ein måte ikkje prioriteten i systemet. Og det er heilt greitt, men eg vil jo egentleg at dei skal ringje meg og spørje korleis det går. Eg har på ein måte vakse opp med dei, og så plutselig er det slutt. Det er litt kjipt. Eg treng dei, men så har eg blitt for gamal, og så har dei ikkje noka ansvar lenger, så ja... No er det liksom meg i mot alle.

Nina startar forteljinga si med stor tillit til barnevernet. Ho har latt dei bestemme, og problematiserer ikkje dette. Etter kvart differensierer ho mellom dei ulike relasjonane ho har hatt til kontaktpersonane. Ho uttrykkjer likevel eit personuavhengig sagn til *dei*, no når ho har mindre kontakt. Nina posisjonerer den eine barnevernarbeidaren som støttande og

ivaretakande, og seg sjølv som mottakar av omsorg. Nina hadde tillit til henne og kunne lene seg tilbake og ta i mot hjelp utan å måtte forklare alt kvar gong. Når det gjeld deltaking, så er ikkje dette tema i Nina si forteljing. Ho aksepterer og føler seg trygg i både i posisjonen ho blir tildelt, og posisjonen den vaksne tek. Det vi ser er at denne førsteordens posisjoneringa der dei bae synest inneforstått med posisjonen sin, går over i ein avmaktsposisjon når ho må byte kontaktperson (Harré et al., 2009). Den nye kontaktpersonen er fortalt fram som mindre aktiv og ivaretakande, og den støtta Nina har opplevd og er avhengig av, forsvinn. Nina går over til ein meir avmektig posisjon der ho ikkje lenger føler seg forstått og ivaretatt. Ho går likevel ikkje over i noka andre posisjonering eller svarar på den endra posisjoneringa frå barnevernet si side med motmakt, slik vi skal sjå at andre informantar gjer. Ho godtar òg denne posisjonen, og hamnar i ein einsam og utsett posisjon der ho står aleine mot alle. Nina opplever seg ramma av dei institusjonelle føresetnadene som legg til grunn at profesjonelle relasjonar er midlertidige. Staten sitt foreldreskap er ikkje relasjonelt, det tar jamvel slutt.

Leif - barnevernet posisjonert som samarbeidspartner og kjærleg omsorgsperson

Den neste forteljinga er langt meir agentisk. Leif er 22 år og har budd i fosterheim sidan han var 14 år, då mor hans skulle flytte til utlandet. Han nekta å bli med og bad barnevernet om å få bu hjå fotballtrenaren sin, der han framleis bur. Leif gir seg sjølv ein agentisk posisjon når han fortel om samarbeidet med barnevernarbeidaren som han har hatt gjennom heile perioden. Han legg vekt på at dei alltid har snakka mykje i lag, og er den av forteljingane i materialet vårt som er tydelegast både på deltaking og på relasjon mellom barnevernarbeidar og ungdom. Både i måten han posisjonerer seg sjølv og barnevernet på, og i måten han omtalar eigne og barnevernarbeidaren sine handlingar, ligg det ei underliggende forteljing om tillit, gjensidig respekt og agentskap. Han fortel om eit samarbeid der han sjølv får uttrykkje kva han har behov for hjelp til, blir lytta til, og han er deltakande i utforminga av hjelpa si. Dette går som ein raud tråd gjennom heile forteljinga til Leif, frå han valde å ikkje flytte med mora,

og til han i dag står fram som ein reflektert ung mann med tru på seg sjølv og sine egne vurderingar.

Leif er òg oppteken av formelle og saksrelaterte forhold:

Eg får alle referat tilsendt, og når eg får referatet gir eg kommentarar om det er noko som ikkje er heilt slik eg hadde oppfatta det, eller meinte det. Det er veldig viktig for meg å kunne vere med å bestemme korleis ting skal vere.

Barnevernarbeidaren vert i forteljinga posisjonert som samarbeidspart og kjærleg omsorgsperson. Leif opplever at ho har lytta til han frå første stund, då han som 14 åring bad om hjelp. Sidan har ho følgt han tett opp og passar på at han har det bra.

Eg har hatt same kontaktperson heile tida, og har fått eit veldig godt forhold til henne. Det betyr mykje for meg. Eg har mobilnummeret hennar og kan nå henne om det er noko. Møter eg ho på butikken så stoggar vi og snakkar. Får litt kjeft av og til viss eg ikkje har på meg sykkelhjelm og sånn. Ho passar på. Ja, ho seier vi er fosterbarna hennar. Eg får tekstmelding på bursdagar, og viss eg skal noko så skriv ho lykke til. Så no var det fotballkamp, så då skreiv ho lykke til med kampen. Det har litt å seie. Eg føler at ho har den omsorga og viser den kjærleiken til meg. Vi har faktisk snakka om det med kjærleik i barnevernet som Forandringsfabrikken [Interesseorganisasjon for unge med erfaring frå barnevernet] er så oppteken av. Ho skjønar ikkje heilt det med kjærleik. Men eg har forklart til henne, at slik du gjer, så viser du jo kjærleik. At det er det dei i Forandringsfabrikken meiner. Då seier ho at dersom ho ikkje hadde brydd seg om oss, kunne ho ikkje hatt denne jobben. Og det er jo sant. Du må verkeleg bry deg når du har ein slik jobb.

Når Leif fortel om at kontaktpersonen hans har sagt at ein må bry seg om barna ein jobbar med for å ha ein slik jobb, grunngjev han det moralsk i tråd med gjeldande diskurs om kva

som er viktige eigenskapar ved dei som skal jobbe i barnevernet. Han stadfestar at hans kontaktperson har slike eigenskapar og nyttar ord om henne som *ho bryr seg*, at ho har sagt at han er *fosterbarnet hennar*, og at dei har eit *godt forhold*. Kontinuiteten i relasjonen mellom Leif og barnevernarbeidaren, verkar å ha medført tryggleik og openheit som har gjort det mogeleg å skape eit samarbeid der dei båe kan vere direkte, respektfulle og omsorgsfulle overfor kvarandre. Ho skjenner om han har gløymt hjelmen, og han kan tilbakemelde på referata hennar om det er noko han er ueinig i. Han har òg forklart henne kva kjærleik i barnevernet betyr. Leif godtar at ho vil passe på han og i forteljinga er det ingen opposisjon mot omsorga og posisjoneringa i interaksjonen. Han kan likevel seie i frå om det er noko han er ueinig i. Leif gir inntrykk av at dei begge har investert tid og engasjement i den andre, og at interaksjonen dei i mellom har hatt karakter av det som Hultgren og Johanson (2018) omtalar som intersubjektiv. Samstundes er dei formelle sidene ved kontakten fortalt fram på ein måte som kan karakteriserast som deltakingsorientert praksis (Heimer, et al., 2018; Jensen et al., 2014; Seim & Slettebø, 2017; van Biljeveld et al., 2015).

Jan – avmektig posisjon overfor eit mektig og avpersonifisert barnevern

Jan 19 år, har vore plassert i fosterheim sidan han var sju. Han seier han har hatt det greitt i fosterheimen, men at han ikkje heilt har forstått kvifor han måtte flytte frå mora. Faren var alkoholavhengig og valdeleg, men hadde flytta frå familien alt tre år før plasseringa. Jan seier at han har undra seg over at søstera fekk bu hjå mora og ikkje han. Han meiner det kan ha handla om at han var eit *vanskeleg barn* og at det *tok på mora*.

Eg hugsar at då eg vart plassert kom dei på døra og sa at no skal vi køyre ein liten tur, og du skal få møte nokre nye folk. No skal du få flytte. Eg visste ingenting. Eg hugsar første natta då eg var flytta. Då.. det var veldig tungt. Det var det. Kanskje dei skulle ha gripe inn før, då eg var yngre. Eller kanskje eg kunne vore i ein besøksheim, etter skulen t.d., og reist heimatt til mamma om kvelden. Eventuelt at det vart brukt litt meir

tid før eg faktisk flytta. Flyttinga skjedde veldig brått. Det var ikkje nok tid til å bli kjent med dei før eg flytta inn.

Jan kan ikkje hugse at barnevernet snakka med han før han skulle flytte, og han seier han skulle ønske han hadde hatt meir informasjon og forklaring.

Ja, eventuelt fått vite kvifor eg måtte flytte. Kanskje fått det repetert og... Ja kanskje ein gong i året. Eventuelt at vi tok eit møte der det var tema. Og korleis eg føler om det. For følelsane vil jo forandre seg for kvart år og alt sånt.

Gjennom heile forteljinga omtalar Jan barnevernet som «dei», namnlause personar, ein instans som kom og henta han fordi han var vanskeleg. Han fortel ikkje fram noka personleg relasjon til tilsette i barnevernet. Barnevernet er posisjonert som handlande og mektig, som ikkje gir forklaringar eller tilbyr noka form for deltaking. I forteljinga er Jan det avmektige barnet som ikkje hadde høve til å stå opp mot barnevernet sine handlingar og avgjerder.

Når Jan søker forklaring på at søstera fekk bu hjå mor og ikkje han, er forklaringa at han var for vanskeleg for mor. I mangel på andre forklaringar og posisjonar er det denne posisjonen han har funne tilgjengeleg. Ein subjektposisjon som *vanskeleg*, kan vere meir agentisk enn alternative posisjonar som t.d. å ikkje vere elska eller funne viktig nok til å bli tatt vare på.

Når Jan som ung vaksen fortel, tek han ein tilbakeskodande, reflekterande posisjon der han foreslår korleis barnevernet burde ha handla for å ivareta han som liten gut. Dette kan vere ein måte å forme si eiga historie og fylle hola som manglar informasjon og forklaringar.

Nils – eit vanskeleg barn som tek styringa, i kontakt med eit passivt og reaktivt barnevern

Nils, 21 år, fortel at han har flytta ti gonger, første gong då han var åtte år. Også han har ei sjølvforteljing som *vanskeleg barn*. Han var vanskeleg heime, i fosterheimar, og han var

vanskeleg på institusjon. Han kom i konflikt med vaksne, og han ville stadig flytte frå der han budde. I motsetnad til Jan fortel Nils seg fram som aktiv og handlande for å kome seg bort frå situasjonar han ikkje klarte handtere. Barnevernet gjev han ein passiv og reaktiv posisjon. Dei handla berre når det var akutt, utan å ta seg tid til å finne ut kva han trengte og kva som var gale, eller til å hjelpe han til å handtere situasjonen på ein meir hensiktsmessig måte.

Nei, det var ikkje der dei hadde fokus. Det var liksom ikkje deira avslutning på plasseringa, det var mine avgjerder. Når du har flytta så mange gongar, så vert det norma. Når det skjer seg er det ikkje fokus på å rette det oppatt. Det viktige vert å kome seg derifrå og vidare. Så eg slo meg jo vrang. Eine gongen berre pakka eg sakene. Så dei hadde ikkje så mykje val. Ei veke etter var eg flytta. Det var nye barnevernarbeidarar heile tida. Dei kom når eg skulle flytte. Dei dukka opp i den der bilen sin og køyrde meg vidare. Hadde nokon berre spurt meg for eksempel då eg budde på Austlandet i fosterfamilie, og skulen var problemet, - eg digga den familien Dei kjøpte trialsykkel til meg, fordi dei andre ungane i familien hadde det. Og du følte du var ein del av familien. Hadde nokon prøvd å hjelpe meg med å fikse problemet med skulen, trur eg at eg hadde budd der den dag i dag. Då kunne vi ha spart oss 6-7 flyttingar etter det, liksom. Eg har tenkt på det mange gongar i ettertid, at den familien var så bra, men skulen var alt for mykje. Eg slit med sosial angst, og der var 1500 elevar. Eg klarte det ikkje.

Så det er klart at når du er 15-16 og du har bestemt deg for at du skal flytte, då er det ikkje lett for barnevernet å stå i mot, eg skjønar det. Men kanskje dei kunne ha pusha litt meir...

Heller ikkje i Nils si forteljing vert barnevernet personifisert, men omtala som eit reaktivt vesen som tok avgjerder basert på hans handlingar. Nils uttrykkjer at han meiner at barnevernet tok han for mykje på ordet, for alvorleg. Vi veit ikkje kva han meiner med *pusha*

litt, men i ettertid reflekterer den unge vaksne over kva barnet hadde trengt. I lys av omgrepet *meningsarbeid*, kunne det vere hjelp til å forme sine eigne ønske i samarbeid med ein barnevernarbeidar (Gulbrandsen, et al., 2012).

Sjølv om både Nils og Jan er kritiske til barnevernet, posisjonerer dei seg som medansvarlege for det som skjedde og for at det blei som det blei. Dei var for vanskelege å handtere for dei vaksne. Men der Jan i dag er undrande til vala barnevernet gjorde som skulle vere til hans beste, viser Nils forståing for at så vanskeleg som han var, så var det ikkje lett for barnevernet. Her har han ikkje så mykje medkjensle med seg sjølv som lite barn, og tildeler ansvaret til seg sjølv. Nils sin historie har teke meir form enn Jan sin, og han ansvarleg gjer òg barnevernet, ved å vektlegge strukturelle forhold, at det var nye barnevernarbeidarar heile tida. Inneforstått at om dei hadde kjent han litt betre kunne dei kanskje ha hjelpt han til å klare å bu i den familien han likte seg så godt. Fråværet av stabile relasjonar til barnevernarbeidaren er såleis eit viktig underliggande tema i Nils si forteljing.

Kai - avmektig ungdom i kontakt med eit barnevern posisjonert som uføreseieleg og fiendtleg

Kai, 18 år, bur heime hjå foreldra. Foreldra søkte hjelp hjå barnevernet då Kai var 14 år. I forteljinga tar Kai ein posisjon som uvitande om kvifor familien har hatt kontakt med barnevernet, slik vi også såg at Jan gjorde. Han seier at han ikkje veit kva foreldra skulle ha hjelp til, eller kvifor det er ei barnevernsak. Når eg spør han om det var nokon som snakka med han om kva som føregjekk, seier han: *Nei, ingen. Dei prøvde vel eit par gongar, men eg forstod ikkje noko av det dei sa. Eg skjønnte ingenting.* Dette, at barnevernet kan hende prøvde å snakke med han, er det einaste sporet av deltaking i forteljinga.

Du veit aldri kor tid dei kjem. Då eg vart innblanda i barnevernet var eg redd eg måtte flytte heimanfrå. Det var derfor eg av og til stakk av, sånn i tilfelle. Eg braut meg inn i ei hytte på fjellet, der eg vart nokre dagar. Men då ringte jo foreldra mine til

barnevernet og bad om hjelp til det òg. Jo meir dei hadde kontakt, jo meir stakk eg av. Sånn var det i fleire år.

At dei kan kome og ta ungene til folk, det er rett og slett motbydeleg. Dei berre set seg i ein bulldosar og køyrer ned alle trea. Og det som står i vegen, vert fjerna. Det er litt stygt å seie, men eg skulle ynskje at alle dei i barnevernet hadde blitt utsett for ei naturkatastrofe eller noko anna fælt. Det er ikkje noka godheit eller hjelp i dei. Dei er berre til irritasjon og elendigheit for andre. Det er sånn eg føler det iallfall.

Kai posisjonerer barnevernet som eit uføreseieleg, uforståeleg og pågåande vesen som ikkje skyr noko for å få det slik dei vil. Sjølv om han tek noko atterhald, at det er slik han føler det, er omtalen gjennomgåande svært fiendtleg. Sjølv tar han ein posisjon som *utsett* for barnevernet utan eigen kontroll eller høve til å påverke kva som skal skje. Det er ikkje spor verken av personleg relasjon eller samarbeid i denne forteljinga. Samstundes talar han om barnevernet i personlege termar, som nokon som manglar godheit, og som nokon han vil vondt.

Reaksjonen hans på avmakta; at han stikk av og prøver så godt han kan å kome unna, kan forståast som agentisk. Ei motmakt og andreordens posisjonering (Foucault, 1980; Harré et al., 2009), som gjer at barnevernet i si posisjonering som hjelpeinstans og tilretteleggjar for deltaking, ikkje har noka handlingsrom.

Kai brukar mykje av tida i intervjuet til å fortelje om at han kjenner fleire som har vore «utsett» for barnevernet og jamvel blitt fråtatt barna sine utan grunn. Ved å vise til at det er mange som har liknande opplevingar med barnevernet, legitimerer han sin eigen subjektposisjon, som *utsett*, og til å styrke forteljinga om barnevernet som maktovergripar.

Kai seier likevel at det er viktig at barnevernet finns for barn som vert utsett for vald og omsorgssvikt. Men for han har dei berre vore eit stort problem som han ikkje har vilja ha i

livet, og som han heller ikkje har klart å kvitte seg med. Når eg spør han om han vil avslutte saka no når han er 18 år, seier han:

Det skal visst vere eit møte i august men eg veit ikkje om eg vil gå der. Når du er på møte så tenker du, kvifor sit eg her, eg forstår ikkje ein skit av kva dei snakkar om. Eg sit der berre som eit spørsmålsteikn. Alt går inn det eine øyra og ut det andre. Ord som eg ikkje forstår og alt mulig sånn... Viss eg spør om forklaring, begynnar dei å snakke om heilt andre ting som ikkje har med saka å gjere og...

Barnevernet sin maktposisjon og Kai sin eigen avmaktsposisjon vert òg fortalt fram her, og sjølv om ein meir agentisk posisjon der han kunne ha kvitta seg med barnevernet, tilsynelatande er diskursivt tilgjengeleg, vel han ikkje denne posisjonen. Han vel motsett, den utsette posisjonen, og denne held seg relativt konsistent gjennom heile forteljinga og gir innblikk i korleis Kai forstår samanhengane i erfaringa si (Fivush & Haden, 2003; Polkinghorne, 1995).

Diskusjon

Korleis kan vi forstå ungdomane sine posisjoneringar i forteljingane?

Posisjoneringperspektivet tilbyr ein måte å forstå korleis dei unge i denne studien skapar meining i kontakten dei har, og har hatt, med barnevernet (Gulbrandsen, et al., 2014). I forteljingane spenner posisjonane som dei gir saksbehandlarane seg frå aktiv motstandar, via passiv, uføreseieleg og upersonleg administrator, til viktig støtteperson og kjærleg samarbeidspart. Dei ulike posisjonane dei unge gir seg sjølve strekkjer seg over heile spennet frå total avmakt til konstruktivt agentskap. Posisjonane dei unge gir seg sjølv er å forstå som dei posisjonane dei har funne tilgjengeleg i den situasjonen dei har vore i (Harré & Moghaddam, 2003). Kva for posisjonar dei unge finn mogelege å ta, speglar òg

interaksjonserfaringane deira. Ein agentisk posisjon som den Leif fortalde fram, vil slik ikkje vere tilgjengeleg for alle sitt forteljingsrepertoar (Jansen, 2013; Mæhle, 2005). Både Jan og Nina posisjonere seg som avmektige. Jan gjer det ut frå erfaringar om å ikkje bli lytta til. Nina gjer det når ho går frå eit samspel der ho har gjort seg avhengig av omsorg og initiativ frå saksbehandlar, til ein som i mindre grad svarar på slike forventningar. Eit anna døme er då forskaren, i intervjusituasjonen, utforska om Kai som 18 åring ville avslutte kontakta med barnevernet. I ettertid ser vi at dette representerte ein potensiell mogelegheit til å fortelje seg fram i ein meir agentisk posisjon. Noko Kai ikkje gjorde, men opprettheldt organiseringa i forteljinga, som plaga og utsett for barnevernet.

I forteljingane der ungdomane inntek slike tydelege avmektige posisjonar, er det lite spor av deltakingserfaring. Å posisjonere seg som 'vanskelege barn', slik både Jan og Nils gjer, er ein måte å skape mening til desse erfaringane på. Den vidare posisjoneringa blir likevel ulik. Der Jan tek ein meir passiv posisjon som eit misforstått og ikkje ivaretatt barn, gir Nils sitt vanskelege barn ein agentisk posisjon ved å vere den som initierer avgjerdene og sørge for å bli flytta når han ikkje trivdes. Det er ei posisjonering som viser aktivitet og handlekraft, men som han i ettertid reflekterer over som ikkje til eige beste. Ein refleksjon som kan tyde på at han ynskjer å ta andre og meir hensiktsmessige posisjonar i framtidige samarbeid.

Polariseringa i posisjonane som Harré og Langenhove (1999) omtalar, ser vi i fleire av forteljingane, og tydelegast i forteljinga til Kai, som reagerer på avmakta med motmakt. Han stikk av for å unngå å verte plassert av eit barnevern som han må verne seg mot.

Posisjoneringa er andre ordens og agentisk, men fører ikkje til oppleving av deltaking. For å kunne oppnå dette vil det krevjast nye kontekstar til å forhandle om posisjonar i. Barnevernet vil i kraft av si institusjonelle makt vere dei som kan ta initiativ til slike reforhandlingar om posisjonering. I tilknytning til dette vil barnevernet kunne gå inn i ein tredje ordens posisjonering t.d. saman med kollegaer (Harré & Langenhove, 1991). Her kan dei ved ein

metaposisjonering reflektere over situasjonen mellom den unge og barnevernarbeidaren og utforske nye tilgjengelege posisjoneringar. I ein påfølgande reforhandling med barnet, kan barnet slik verte tilbydd ein meir agentisk og utviklande subjektposisjon (Davies & Harré, 1990), ein posisjon der deltaking er mogeleggjort (Timor-Shlevin & Krumer-Nevo, 2016).

Betydinga av ein støttande relasjon for deltaking

Fleire av ungdomane i materialet vårt fortel barnevernet fram som *dei*, ein upersonleg instans der menneskelege eigenskapar enten er fråverande eller omtalt negativt. Ved å bruke *dei* skapar dei ein effektiv relasjonell distanse til menneska i barnevernet. Kai sine sterke og til dels fiendtlege utsegner kan tolkast inn i ei slik distansering. Ei forklaring på den upersonlege tilnærminga ungdomane til barnevernet i forteljingane, kan ligge i det som dei alle, bortsett frå Leif, har erfart, å måtte byte kontaktperson fleire gonger. Nina uttrykkjer å ha opplevd skifta som relasjonelle tap, medan det for andre berre er ei stadfesting av det upersonlege og likegyldige. Slik sett stadfestar desse forteljingane andre studiar som slår fast at skifte av kontaktperson er ein barriere for å utvikle ein relasjon, og at dette i sin tur vil kunne gjere det vanskeleg for barnet å delta i utforminga av eige liv (Mannion, 2007; Paulsen, 2016; Seim & Slettebø 2017).

Dei to som i denne studien fortel fram ein positiv relasjon til barnevernet, fortel om enkeltpersonar. Dei fortel om å passe saman, vere godt kjent, bli sett og forstått. Kontinuiteten dei fortel om har gjort det mogeleg å skape eit samarbeid og eit forhold, som Hultgren og Johanson (2018) karakteriserer som intersubjektivt og gjensidig avhengig. Vekselverknaden mellom deltaking og relasjon, at relasjon er ein føresetnad for deltaking og omvendt at deltaking genererer relasjon (Timor-Shlevin & Krumer-Nevo, 2016), er gjeldande òg i vår studie. Relasjonen til barnevernarbeidaren har betydning for deltaking, anten det er fortalt om eller ikkje. Der relasjonelle erfaringar er fortalt fram, er det med positivt forteikn og ein del av deltakingserfaringa. Der dei manglar, ser det ut til at oppleving av deltaking også manglar.

Anna forskning har understreka at tid og engasjement er nødvendige ingrediensar for å etablere trygge og produktive relasjonar (Dillon et al., 2016; Horgan, et al., 2016; Jobe & Gorin, 2013). Å ha eit relasjonelt blikk, i tråd med den relasjonelle vendinga i konseptualisering og forskning på deltaking (Horgan et al., 2016), inneber å sjå barnet som aktiv forhandlingspart, å ha ei relasjonell orientering, og vere relasjonelt aktive (Gulbrandsen et al. 2012; Gulbrandsen et al. 2014). I ei slik intersubjektiv tilnærming kan barnet sjåast som intensjonal aktør (Bruner, 1990; Rogoff, 2003; Smith, 2002). Dette vil kunne bidra til ein relasjonell praksis som utvidar handlingsrommet til barnevernet, der dei lettare kan legge til rette for deltaking for barn og unge.

Avslutting.

Studien viser stor variasjon i korleis unge, med eit tilbakeskodande blikk, gir mening til erfaringane sine med å samarbeide med barnevernet. Vi ser at der ungdomane fortel om ein relasjon til barnevernarbeidaren fortel dei òg om sin eigen agentiske posisjon. Der relasjon manglar i forteljinga, manglar òg deltaking, og posisjonane til dei unge er prega av avmakt og motmakt. Posisjoneringsperspektivet er egna til å vise korleis dei unge oppfattar seg sjølv i kontakta med barnevernet, og i denne studien gir det innblikk i kva posisjon barn og unge treng for å kunne delta i samarbeid med barnevernet.

Det fenomennære og refleksive ved posisjoneringsperspektivet inviterer til ein relasjonell tenkemåte. Det kan vere eit nyttig analytisk reiskap for barnevernet til å få auge på sin eigen posisjon i interaksjon med barna. Posisjoneringsperspektivet påkallar òg merksemd og refleksjon over barnevernet si posisjonering av barna. Eit analytisk blikk og auka forståing for den gjensidige posisjoneringa som skjer mellom barn og barnevernarbeidar, gjer det mogeleg å forhandle fram alternative og meir samarbeidsvennelege posisjonar i tråd med ei relasjonell orientering. Dette kan inspirere til meir tenlege samarbeidsposisjonar der barna kan møtast på måtar som kan medverke til deltakingsorienterte praksisar for barn og unge i barnevernet.

Referansar

- Archard D & Skivenes M. (2009). Hearing the child. *Child & Family Social Work*, 14(4), 391-399. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2206.2008.00606.x>
- Bakhtin, M. (1984). *Problems of Dostoevsky's Poetics*. University of Minnesota Press, Minneapolis.
- Bakhtin, M. (1986). *Speech Genres and Other Late Essays*. University of Texas Press, Austin.
- Barnevernlova, (1992). Lov om barneverntenester (LOV-1992-07-17-100). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernloven>
- Bruner, J. (1990). *Acts of meaning* (The Jerusalem-Harvard lectures). Cambridge, Mass: Harvard University Press.
- Bruner, J. (2003). Self-making narratives. I R. Fivush, & C.A. Haden. (2003). *Autobiographical Memory and the Construction of A Narrative Self*. Mahwah: Taylor and Francis.
- Christiansen Ø. (2012). Hvorfor har barnevernet problemer med å se og behandle barn og unge som aktører? *Norges Barnevern* (1–2), 16–29.
- Davies, B. and Harré, R. (1990). "Positioning: The Discursive Production of Selves." *Journal for the Theory of Social Behaviour* 20(1), 43–63.
- Dillon, J, Greenop, D. & Hills, M. (2015). Participation in child protection: A small-scale qualitative study. *Qualitative Social Work: QSW: Research and Practice*, 15(1), 70-85. <https://doi.org/10.1177/1473325015578946>
- Fivush, R. & Haden, C.A. (2003). *Autobiographical Memory and the Construction of A Narrative Self*. Mahwah: Psychology Press.

Fogel, A. (1995). Relational narratives of the prelinguistic self. I P. Rochat (Red.), *The Self in Infancy: Theory and Research*. Advances in Psychology, 112, Elsevier.

Foucault, M. (1980). Power/knowledge. New York: Pantheon.

Frank, A.W. (2012). Practicing Dialogical Narrative Analysis. I Holstein J.A. & Gubrium J.F. (2012). *Varieties of Narrative Analysis* (s. 33-52). Los Angeles, Thousand Oaks: SAGE Publications.

Gubrium, J. & Holstein, J. (2009). *Analyzing narrative reality*. Los Angeles: Sage.

Gulbrandsen, L., Seim, S. & Ulvik, O. (2012). Barns rett til deltakelse i barnevernet: Samspill og meningsarbeid. *Sosiologi I Dag*, 42(3-4), 54-78.

Gulbrandsen, L., Seim, S. & Østensjø, S. (2014). Teoretiske perspektiver og begreper. I *Barns deltakelse i hverdagsliv og profesjonell praksis* (s. 37-55). Oslo: Universitetsforlaget.

Harré, R., & Moghaddam, F. (2003). The self and others : Positioning individuals and groups in personal, political, and cultural contexts. Westport, Conn: Praeger.

Harré, R., Moghaddam, F.M., Cairnie, T.P., Rothbart, D. & Sabat, S.R. (2009). Recent Advances in Positioning Theory. *Theory & Psychology*, 19(1), 5-31.

Harré, R. & van Langenhove, L. (1999). The dynamics of social episodes. I Harré, R. & Langenhove, L. (red): *Positioning theory: moral contexts of intentional action* (s. 1-13). Oxford: Blackwell.

Heimer, M., Näsman, E. & Palme, J. (2018). Vulnerable children's rights to participation, protection, and provision: The process of defining the problem in Swedish child and family welfare. *Child & Family Social Work*, 23(2), 316-323.

<https://doi.org/10.1111/cfs.12424>

Horgan, D., Forde, C., Martin, S. & Parkes, A. (2016). Children's participation: Moving from the performative to the social. *Children's Geographies*, 15(3), 274-288.

<https://doi.org/10.1080/14733285.2016.1219022>

Hudson, K. (2012). Practitioners' views on involving young children in decision making: Challenges for the children's rights agenda. *Australasian Journal of Early Childhood*,

37(2), 4-9. <https://doi.org/10.1177/183693911203700202>

Hultgren, F., Johansson, B. (2018). Including babies and toddlers: A new model of participation. *Children's Geographies*, 17(4), 375-387.

<https://doi.org/10.1080/14733285.2018.1527016>

Jensen, T. Strandbu, A., Thørnblad R. & Holtan, A. (2014). Saksbehandleres dilemmaer – utfordringer vedrørende barns deltakelse i familieråd om fosterhjem. *Fontene forskning*

1/2014 side 69-81

Jevne, K. (2017). Negotiating client positions: Parents with custodial disagreements talking about their experiences with child welfare workers. *Nordic Social Work Research*, 7(3),

223-235. <https://doi.org/10.1080/2156857x.2017.1326976>

Jobe, A. & Gorin, S. (2013). 'If kids don't feel safe they don't do anything': Young people's views on seeking and receiving help from Children's Social Care Services in England.

Child & Family Social Work, 18(4), 429-438. [https://doi.org/10.1111/j.1365-](https://doi.org/10.1111/j.1365-2206.2012.00862.x)

[2206.2012.00862.x](https://doi.org/10.1111/j.1365-2206.2012.00862.x)

Kennan, D., Brady, B. & Forkan, C. (2018). Supporting Children's Participation in Decision Making: A Systematic Literature Review Exploring the Effectiveness of Participatory

Processes. *The British Journal of Social Work*, 48(7), 1985-2002.

<https://doi.org/10.1093/bjsw/bcx142>

- Mannion, G. (2007). Going Spatial, Going Relational: Why “listening to children” and children's participation needs reframing. *Discourse: Studies in the Cultural Politics of Education*, 28(3): 405-420. <https://doi.org/10.1080/01596300701458970>
- McMellon, C. & Tisdall, E.K.M. (2020). Children and Young People's Participation Rights: Looking Backwards and Moving Forwards. *The International Journal of Children's Rights*, 28(1), 157-182. <https://doi.org/10.1163/15718182-02801002>
- Mæhle, M. (2005). *Re-inventing the Child in Family Therapy: An Investigation of the Relevance and Applicability of Theory and Research in Child Development for Family Therapy Involving Children* (Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen 2004). Oslo, Unipub.
- NOU 2017:12 *Svikt og svik — Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt*. Barne- og likestillingsdepartementet 22. juni 2017.
- Oswell, D. (2020). Agency. I Cook, D. (red): *SAGE Encyclopedia of Children and Childhood Studies*. 44-50. Thousand Oaks, Sage. <http://dx.doi.org/10.4135/9781529714388>
- Paulsen V (2016). Ungdommers erfaringer med medvirkning i barnevernet. *Fontene Forskning* 9(1): 4-15.
- Polkingthorne, D.E. (1995). Narrative configuration in qualitative analysis. *Qualitative studies in education*, 8(1), 5-23. <https://doi.org/10.1080/0951839950080103>
- Pölkki, P., Vornanen, R., Pursiainen M.& Riikonen, M. (2012). Children's Participation in Child-Protection Processes as Experienced by Foster Children and Social Workers. *Child Care in Practice*, 18(2), 107-125. <https://doi.org/10.1080/13575279.2011.646954>

- Prout, A. (2000). Children's participation: Control and self-realisation in British late modernity. *Children & Society*, 14(4), 304-315. [https://doi.org/10.1002/1099-0860\(200009\)14:4%3C304::aid-chi625%3E3.3.co;2-t](https://doi.org/10.1002/1099-0860(200009)14:4%3C304::aid-chi625%3E3.3.co;2-t)
- Rogoff, B. (2003). *The cultural nature of human development*. Oxford: Oxford University Press.
- Seim, S. & Slettebø, T. (2017). Challenges of participation in child welfare. *European Journal of Social Work*. 20(6), 882-893. DOI: 10.1080/13691457.2017.1320531
- Skivenes, M (2015). Handlingsrommet for barns deltagelse i barnevernsaker. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 18(1).
- Smith, A. (2002). Interpreting and supporting participation rights: Contributions from sociocultural theory. *The International Journal of Children's Rights*, 10(1), 73-88. <https://doi.org/10.1163/157181802772758137>
- Tingstad, V. (2019). Hvordan forstår vi barn og barndom? *Internasjonal Politikk*, 5, 96-110. <https://doi.org/10.23865/ntpk.v5.1512>
- Timor-Shlevin, S. & Krumer-Nevo, Michal. (2016). Partnership-based practice with young people: Relational dimensions of partnership in a therapeutic setting. *Health & Social Care in the Community*, 24(5), 576-586. <https://doi.org/10.1111/hsc.12227>
- Tunestveit, M. (2020). The research circle as a strategy for developing knowledge about children's participation in child welfare services. *European Journal of Social Work*, Ahead-of-print(Ahead-of-print), 1-13.
- Ulvik, O. S. (2015). Talking with children: Professional conversations in a participation perspective. *Qualitative Social Work*, 14(2), 193-208. <https://doi.org/10.1177/1473325014526923>

- UNCRC (1989). Barnekonvensjonen. [*United Nation's Convention on the Rights of the Child*].
- van Bijleveld G.G., Dedding C.W.M. & Bunders-Aelen J.G. (2015). Children's and young people's participation within child welfare and child protection services: a state-of-the-art review. *Child and Family Social Work*, 20(2): 129-138. <https://doi.org/10.1111/cfs.12082>
- Van Bijleveld, G.G, De Vetten, M., & Dedding, C.W.M. (2020). Co-creating participation tools with children within child protection services: What lessons we can learn from the children. Action Research (London, England), Action research (London, England), 2020-01-01.
- Van Langenhove, L. & Harré, R. (1999). Introducing positioning theory. I Harré, R. & Langenhove, L. (red): *Positioning theory: moral contexts of intentional action* (s. 14-31). Oxford: Blackwell.
- Vis, S. & Thomas, N. (2009). Beyond talking – children's participation in Norwegian care and protection cases. *European Journal of Social Work*, 12(2), 155-168.
<https://doi.org/10.1037/e516662013-100>
- Wood, D., Bruner, J. S. & Ross, G. (1976). The role of tutoring in problem solving. *Journal of child psychology and psychiatry*, 17(2), 89-100. <https://doi.org/10.1111/j.1469-7610.1976.tb00381.x>

